



Dette flybiletet viser korleis sandtaket er tenkt. Dette er ein illustrasjon laga av oppsittarar på Haugland.

**Planane til Trond H. Myklebust for sandtaket på Døsland vart møtt med motsegn frå fylkesmannen, som kravde konsekvensutgreiing fordi prosjektet kan få vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn. Her er fisk og fiske særleg nevnt**

Difor har forvaltningskomiteen no vedteke at eit begrensa utgreiingsprogram (planprogram) for sandtaket skal leggjast ut til offentleg høyring slik det no ligg føre. Programmet skal vedtakast av komiteen etter høyringa.

Planarbeidet må stillast i bero inntil konsekvensutgreiinga er gjennomført i samsvar med planprogrammet. Hvis utgreiinga fører til at planen blir endra meir eller mindre vesentleg lyt planen leggjast ut til nytt offentleg ettersyn.

I saksutgreiinga frå kommuneadministrasjonen heiter det at tiltakshavar (Trond H. Myklebust) og administrasjonen ikkje er umiddelbart samde med fylkesmannen i at tiltaket har store konsekvensar for omkringliggjande miljø.

- Men grunna uklar oppstartmelding og for ikkje å bruka tida på akademiske diskusjonar av prosessuell karakter, er vi samde om å gjennomføre ein konsekvensutgreiingsprosess, heiter det.

Av Ola Matti Mathisen